

Klart for Telenor-rennet.

18.03.2015



Det vert nok mange ivrige skigåarar i Fjellhaugen til helga.

Når skigruppa i Uskedal idrettslag arrangerer Telenor-rennet laurdag 21.mars, er det eit ledd i eit samarbeid mellom Norges Skiforbund og Telenor, Telenorkarusellen. Dette samarbeidsprosjektet er ei breiddesatsing, og ei erkjenning av at den viktigaste talentutviklinga skjer i klubbane og på grasrota. Det er venta at 75.000 unge skiløparar deltar i Telenor-karusellen dette året.

Vi kan trygt sei at skigruppa i UIL arbeider heilt i tråd med denne breiddesatsinga i talentarbeidet sitt. Derfor er det å håpa at mange stårer når dei laurdag f.k. arrangerer Telenor-rennet i Fjellhaugen Skisenter. Rennet er eit sprintrenn der distansen er ca. 800 meter. Dei som er 8, 9 og 10 år går berre prolog. Det same gjeld dei som går i trimklassen. I dei andre klassane går alle vidare frå prologen, og finaleheata vert sett opp ut frå tidene i prologen. Det heile vert avslutta med superfinalar. Dette vert nok spennande også for publikum.

Telenor-rennet inngår også som det 5. rennet i den vanlege langrennskarusellen. I den samanhengen er det resultata frå prologen som tel. Telenor syt for flotte premiar til alle deltakarane.

Det er viktig at alle løparar som skal vera med på prolog og finalar melder seg på innan **torsdag 19.mars kl. 18.00**. Alle må meldt seg på via [UIL si heimeside](#).

Før det ordinære skirennet er det som vanleg barneskirenn. Det startar kl.12, og her er det påmelding frå kl.11 renndagen. Desse renna er ei flott oppleving for dei yngste som nett er starta opp med ski på beina.

Vervarslarane lover behageleg temperatur og fine forhold så dermed skulle alt liggja til rette for ein ny flott dag i Fjellhaugen. Det vert også lagt til rette for grilling både under og etter rennet. Dei som ønskjer det må ta med grillmat.



Dei yngste klare på startstreken sist helg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel.